

Breidablikk hytteforening

Referat frå medlemsmøte i hytteforeninga 1.sept 2018

Medlemsmøtet var todelt, med informasjon frå Gode Vegar AS før årsmøtet og andre medlemssaker etter årsmøtet.

Gode Vegar AS: Svein Sunde informerte om ny Strynefjellstunnel og vegarm til Geiranger. Han synta powerpoint-presentasjon der han snakka om tida frå Rv15 opna hausten 1977 og utviklinga i planane for ny tunnel, heilt fram til dags dato.

Trimpostane: Bodil Berge informerte om dei tre trimpostane vi har, og vinnarane vart kunngjort. Kvar av dei vann eit gåvekort på 500 kroner på Sport 1.

Hamsehytta: Laila Bjerke

Viahø: Tone Oline Knivsflå

Hamserunda: Lidbjørn Vattøy

GDPR, ny personvernlov: Forslag til denne vart sendt ut ilag med årsmøtepapira. Kirsti informerte om at vi også send den ut ilag med referata frå møta og at dei som har innspel må kome med det. Medlemene vart oppfordra om å gje beskjed dersom det ligg bilder på heimesida ein ikkje vil ha der. Framover vil slike fellesbilder verte lagt ut frå påskeleikane og eventuelt liknende arrangement.

Medlemssidene på heimesida: På heimesida er det kome eigen medlemsinnlogging for medlemene, der diverse dokument vedrørende hytteforeninga er/vil bli lagt ut. Her ligg også medlemsinformasjon (namn, hyttenr, epost, mobil) til dei som har gitt beskjed om at dei vil stå på lista.

Møte mellom Skjåk kommuna og hytteforeningane: Referat frå dette møtet som vart halde 22.juni vart sendt ut ilag med årsmøtepapira. Møtet var starten på eit jamleg samarbeid mellom kommuna og hytteforeningane i kommuna.

På medlemsmøtet informerte ordføraren litt om dei ulike sakene som var oppe på dette møtet i juni: bruk av Smiu, renovasjonsspørsmål, breiband og Gamle Geirangerveg.

Ordføraren viste blant anna til eit planlagt møte med Statens vegvesen 4. oktober, og håper at ein då vil få ei avklaring på dette med ansvar for vegen, og han vil også ta opp dette med kantslått. Elles var det håp om at hytteeigarane også kunne få knyte seg på breibandet etterkvart.

Hytteeigarane vart til slutt oppmoda om å fiske mykje i fiskevatna i kommuna.

Ordet fritt:

Nøkkel til stikkvegane: Tor Bruland i Skjåk hytteservice har kome med ønske om at det er same nøkkel til alle låsane på kjettingane på stikkvegane, og han kan vere behjelpelig med å formidle nøkkel til servicebilar, utrykning og anna.

Her kom det ein del synspunkt frå medlemane; det vert veldig mange hengelås å skifte ut, skal det skiftast noko må dei enkelte stikkveg-eigarane ta ansvar, det må i så fall satsast på dyre hengelås, er det positivt at alle har tilgang alle stader?, ein ser ikkje behovet fordi dei som skal ha tilgang har kjøpt nøkkel til dei enkelte stikkvegane eller har eigen hengelås på kjettingen (Skjåk Energi m.fl.) og i nødsituasjonar vil kjettingen uansett verte klipt. Det kom også innspel på at kanskje Bruland kunne kome med ein pris til neste medlemsmøte.

Ingen andre saker kom opp.

Ref, Ingvild Bøstrand
-avtroppande sekretær